



## HAREID KOMMUNE

Oversikt – innkomne merknader til Privat reguleringsplan – Detaljregulering Bustadfelt Røyset II ved  
1. gongs off. ettersyn 22.03.-05.05.2014

---

### Offentleg mynde:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal	30.04.2014
Møre og Romsdal Fylkeskommune	05.05.2014
Norges Vassdrags- og elektrisitetsdirektorat, region Vest	03.04.2014

### Private:

- ingen

---



# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon  
fagsjef Jon Ivar Eikeland, 71258468

Vår dato  
30.04.2014  
Dykkar dato  
21.03.2014

Vår ref.  
2013/5904/JOEI/421.4  
Dykkar ref.

Hareid kommune  
Rådhusplassen 5  
6060 Hareid

 HAREID KOMMUNE	
Omr. PVA	Saksh. SKR
05 MAI 2014	
Saks.nr. 2013/882	Dok.nr.
Løpøht.:	Klass. 20130002

**Hareid kommune**  
**Detaljregulering - reguleringsplan bustadfelt Røyset II**  
**Fråsegn ved offentlig ettersyn**

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader til planen.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)  
samordnar

Jon Ivar Eikeland  
fagsjef

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Hareid kommune  
Rådhusplassen 5  
6060 Hareid.

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2013/882	21.03.2014	19347/2014/REGULERINGSPLAN/1517	Johnny Lorn, 71 25 82 88	05.05.14

## Hareid kommune - detaljregulering - reguleringsplan - Bustadfelt Røyset II - offentlig ettersyn - motsegn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### Automatisk freda kulturminne

Før vi kan gje endeleg merknad til planen må vi gjennomføre ei arkeologisk registrering jfr. kulturminnelova §§ 9 og 10. Denne er tinga og vert utført i mai.

### Planfagleg vurdering

Planføresegnene har mykje tekst utan reell styringsverknad. Vi viser til dømes til § 7.1: "*sjå til at bygningane får ei god form...samsvare med bygningen sion funksjon...gje uttrykk for tida sin arkitektur..*" Slike formuleringar er opne for kva skjønsvurdering som helst, og gir i realiteten Ingen verknad dersom det vert prøvd i ein klagesak.

Det er elles ein del orienterande tekst. I § 7.3 er det til dømes nemnt at "*det skal setjast av min 50 m2 leikeplass..*". Leikeareal skal ikkje setjast av; det er avsett i kartet. Kvaliteten på leikeplassane må kome fram av planomtalen. Dette betyr at kap 8.1 bør vise kva areal kvar bustad har tilgjengeleg og at området er eigna.

I § 6 slår ein fast at ein kan byggje frittliggande småhus, medan ein etter § 9 skal byggje vegar m.v. Det er ingenting i planomtalen som tyder på at dette er tilsikta. Når det gjeld vegarealet, er det ikkje lenger føremålet i kartet som avgjer om dette er offentlig, felles eller privat. Dette må kome fram av forskrifta. Vi vil derfor rå til at ein omformulerer § 9 første ledd slik: V1, V2, V3 og V4 skal vere offentlig veg. Det same bør truleg også gjelde annan veggrunn for vedlikehaldet sin del.

I § 11 må det kome fram kva omsyn som er nødvendig for å unngå fare. Sona gir elles ingen meining.

Med atterhald om at dette kan vere ein feil gjort hos oss, gjer vi merksam på at side 3 og 4 er bytta om i planomtalen.

Planomtalen er elles oversiktleg og fyldig, og vi har ikkje vesentlege merknader utover det som kjem fram ovanfor.

**Konklusjon**

Det er stilt krav om arkeologisk registrering. Innan denne er gjennomført og området eventuelt er frigitt etter kulturminnelova, pliktar vi å ha motsegn.

Vi viser elles til planfaglege merknader og rår til at føresegnene vert stramma opp og retta inn mot det som skal ha juridisk verknad.

*Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.*

Med helsing

Ole Helge Haugen  
Fylkesplansjef

Johnny Loen  
Plansamordnar

Fagsaksbehandlar:

Automatisk freda kulturminne: Arkeolog Øyunn Kleiva, tlf. 71 25 88 67 / 959 45 835

Kopi:  
Statens vegvesen, Region midt  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her



Noregs  
vassdrags- og  
energidirektorat

Hareid kommune  
Postmottak  
6060 HAREID

Vår dato: 03.04.2014  
Vår ref.: 201305530-4  
Arkiv: 323  
Dykkar dato: 21.03.2014  
Dykkar ref.: 2013/882

Sakshandsamar:  
Terje Systad  
22959559  
tes@nve.no

## Fråsegn til offentleg ettersyn - Detaljplan for bustadfelt Røyset - Hareid kommune

Vi syner til Dykkar brev dagsett 21.3.2014. Saka gjeld offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan for Røyset. Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for bustader.

Åknes/Tafjord Beredskap IKS har gjennomført ei skredfarevurdering av området. Sørleg del av det opphavlege planområdet er vurdert som skredfareleg, og er difor tatt ut av planen.

NVE har ingen merknader til detaljplan for Røyset.

Med helsing

Brigt Samdal  
regionsjef

Terje Systad  
overingeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutiner.*

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 6091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)  
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor  
Middelthunsgate 29  
Postboks 6091, Majorstuen  
0301 OSLO

Region Midt-Norge  
Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

Region Nord  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

Region Sør  
Anlon Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

Region Vest  
Nausdalsvn. 1B  
Postboks 63  
6801 FØRDE

Region Øst  
Vangsvæien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR